

Referat

STYREMØTE NR. 4 i ØIL – 19.08.2013

Møte		Referat	
Dato	19.08.2013 kl. 19:00	Deltakarar	Vidar Torsvik / leiar Trude Torvund / kasserar Rune Vik / skrivar Sonja Fagerheim/ styrelem Toril Honningsvåg Vik / styrelem Åshild Bekkesletten/ 1. vara Hallgeir Botnen / fotballgruppa Lillian Kvamsøy / boccia-gruppa
Stad	Holmatun	Forfall	Kjerstin Valland / nestleiar Mariann Lilledal Valland / styrelem Leiv Sandven / trimgruppa
Referent	Rune Vik	Kopi	Olav Kreken/ orientering
Neste møte	Måndag 09.09.2013 kl. 19:00		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
4.1	Saker		
.1	<u>Hardanger talentutvikling AS (HT) – avvikling</u> Avviklinga går etter planen.	info	Vidar Torsvik
.2	<u>Politiattestar - status</u> - Dei fleste har no levert politiattest til ØIL for vidaresending til Kvam lensmannskontor. - Politiattestar er sende Kvam lensmannskontor fortløpande etter kvart som dei er mottekne. - Arbeid som gjenstår: Registrere attestar inn i matrise/tabell etter kvart som attestar signert av politi vert førevist politiattestansvarleg.	info	Rune Vik
.3	<u>Myrabakken – sikringsarbeid</u> Hoppbakkeanlegget krev vedlikehald: - Rydding av buskar med ryddesag. - Sikring av bygningar m.m. Stort sett stillstand i arbeidet. Vidar T har hekta på plass døra i sekretariatbua, slik at bua no er stengd. Varselskilt må framskaffast (norsk og engelsk tekst). - Åshild må få laga 4 skilt m/ ØIL-logo i A3-format. - Skilta må tåle «Vestlandsvær». Vidare arbeid med hoppbakken må avvente.	info	styret Åshild
.4	<u>Halltid i Øystese idrettshall – haust 2013/vår 2014</u> Åshild har bestilt halltid for allaktivitet-/leikparti for born frå 4 år til og	info	Åshild/Leiv

	<p>med 4. klasse.</p> <p>- Tid: Torsdagar kl. 17:00 – 18:00</p> <p>Obligatorisk nøkkelmøte/brannvern for trenarar i Øystese idrettshall vert halde torsdag 22.08.13 kl 17:30.</p> <p>Hallen opnar for trening i veke 35 (26.08.2013)</p>		
.5	<p><u>Tilskot til Lerum cup i Sogndal</u></p> <p>Styret vedtok utbetaling av tilskot kr 15 000 til fotballgruppa.</p>	info	styret
.6	<p><u>Innspel til arealdel til kommuneplan</u></p> <p>Fotballgruppa ynskjer å spele inn ynskje om tilrettelegging av arealbruk i Busdalen til idrett – nærare bestemt for lokalisering fleirbrukshall.</p> <p>Styret i ØIL meinar at eit slikt innspel må sendast frå hovudstyret i idrettslage. Innspelet må grunnjevast / forankrast i behov og i ein folkehelseargumentasjon.</p>	info	styret/ Vidar
.7	<p><u>Torefjellstrimmen – Kom deg ut-dagen</u></p> <p>ØIL og Kvam turlag har vore i samtalar om samarbeid for å vidareføre Torefjellstrimmen som del av turistforeiningsarrangementet ”Kom deg ut-dagen”.</p> <p>”Kom deg ut-dagen” om hausten vert alltid arrangert 1. søndag i september – i 2013 søndag 1. september.</p> <p>Planleggingsmøte torsdag 22.08.13 kl 19:00 i Holmatun. ØIL vert representert ved Lillian Kvamsøy og Rune Vik</p>	1.sept	ØIL/ Kvam turlag
.8	<p><u>Aktivitetsliste / fristar knytt til drift av ØIL</u></p> <p>Det vil vere lurt å utarbeide ein oversikt som kan leggjast på ØIL-heimesida, og dermed tilgjengeleg for eit kvart sitjande styre.</p> <p>Foreløpig oppstilling ligg som vedlegg til referat.</p>	22.aug	Lillian/ Rune V
.9	<p><u>Nye vedtekter i Øystese idrettslag – pålegg om retting</u></p> <p>Hordaland idrettskrets v/ Heidi Hatlem har i brev datert 10.06.2013 gitt tilbakemelding om endringar som må gjerast i nye ØIL-vedtekter, for at ny lov for idrettslaget skal kunne godkjennast.</p> <p>§ 15 pkt. 10 d):</p> <ul style="list-style-type: none"> • Idrettslaget må enten velje 2 revisorar frå eigen medlemsmasse, alternativt ved bruk av statsautorisert/registrert revisor velje kontrollkomite med 2 medlemer og 2 varamedlemer. <p>§ 18 punkt b) og nytt punkt (4):</p> <ul style="list-style-type: none"> • Punktet signaturrett og prokura er ikkje del av idrettslaget si lov og kan ikkje godkjennast. Prokura/signaturrett må basere seg på årsmøtevedtak. <p>Retta vedtekter vert å sende idrettskretsen for godkjenning. Utført 28/8.</p>	info	styret
			Rune V.

<p>.10</p>	<p><u>Øystese-trimmen og open hall – aktivitetsstruktur</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Tidspunkt: Søndag 15.09.2013 (einaste dato der ledig hall) - Øystesehallen er bestilt <p>Leiv er bortreist den 15.09.13.</p> <p>MERK!!! Forslag til ansvarsområde er påført. Status og justeringar må takast på neste styremøte måndag 09.09.2013 kl. 1900</p> <p>a) Øystese trimmen – frå kl. 1100 til kl.1330</p> <p>Aktivitetar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kort og lang løype. - Trimklasse startar kl. 1100 og utover. - Konkurransklasse startar kl. 1200 (kr 50,- i påmelding). <p>Organisering:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Avtalar med evt. hjelparar. - Avtale med Øystese hjelpekorps (May Helen Rykkje ?). - Løypemerking ligg i ØIL-skap. - Åshild supplerer startnummer ??????? - Rune ordnar med løypekart. - Rune skaffar stoppeklokker. - Åshild ordnar med premiar. - Per skaffar klasselister. <p>Premiering:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Premiering av beste kvinne og mann (senior). - Premiering av beste jente og gut (u/ 18 år). - Premiar etter loddtrekking ?? - Kr 500,- til det klasstrinnet på barneskulen som har %-vis flest deltakarar i trimmen. <p>b) Open hall – frå kl. 1200 til kl.1430</p> <p>Aktivitetar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bord m/ teiknepapir + fargeblyantar + spel - Teppesport - Boccia - Tjukkas med kasse - Ringar - Ribbevegg-aktivitet - Hoppetau - Ein eller anna ball-/hoppe-/kasteaktivitet ?? - Klatrevegg <p>Organisering:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rune spør Kvam klatreklubb (Geir Larsen) om å organisere klatreaktiviteten. - Skaffe ekstra hjelparar. <p>c) Kafedrift</p> <p>Meny:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kaffi/Te/Saft m.v. - Vafler + + + 	<p>styret</p> <p>info</p> <p>Jan Tore/ Øystein/ Vidar T</p> <p>Åshild Rune V. Rune V. Åshild Per Dysterud</p> <p>Lillian / Sonja/ Toril/ Mariann L Valland/ Kjerstin Valland</p> <p>Rune V.</p> <p>Åshild/ Rune V.</p>
-------------------	---	---

	<ul style="list-style-type: none"> - Winerpølser i brød <p>Organisering:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Trude skaffar vekslepengar. - Pølser/brød/vaffelrøre. - Lage salgsplakatar. - (div. eingongskoppar m.v. er i ØIL-skap) <p>d) Marknadsføring</p> <ul style="list-style-type: none"> - Annonse i HF; tirsdag 10/9 og fredag 13/9 - Inn på nettkalenderen til Kvam herad-heimeside. - Inn på ØIL-heimesider . 		<p>Trude Åshild</p> <p>Åshild</p> <p>Åshild Lillian Sonja</p>
4.2	Fotballgruppa		
.1	<p><u>Telenor Xtra – fotballSFO i fotballgrupperegi</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Tilbodet startar i dag 19.08.2013 og er leia av Anders Næs. Marcelo Jose Ribeiro utgjer den andre ressursen som er knytt til fotballSFO-tilbodet. - I overkant av 30 ungar frå 3. til 7. klasse er påmelde. - Onsdagar er det tilrettelagt eit idrettsskuletilbod. Dei andre dagane har fotballen prioritet. 	info	fotballstyret
.2	<p><u>Trenarkabal</u></p> <p>Anders Næs og Marcelo Jose Ribeiro har overteke trenaransvar for gutelaga i ungdomsfotballen.</p>	info	fotballstyret
.3	<p><u>Finansiering av ressursar</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Anders Næs og Marcelo Jose Ribeiro har stillings-prosentar ved Øystese gymnas. - FotballSFO vert finansiert ved foreldrebetaling. - Øystese fotball betalar/leiger trenarressurs for gutelaga i ungdomsfotballen. 	info	fotballstyret
.4	<p><u>Styret i ØIL – fotballgruppa</u></p> <p>Karsten Samland har trekt seg som styreleiar i fotballgruppa, men fortset i styret som menig medlem.</p> <p>Fotballstyret må konstituere seg på nytt inkl. velje ny leiar / nytt leiarskap internt frå styregruppa.</p> <p>Styreleiar eller annan representant frå hovudstyret i ØIL vil delta på styremøte i fotballgruppa om det er ynskjeleg. Ber om at innkalling vert sendt styreleiar Vidar Torsvik.</p>	info	<p>fotballstyret</p> <p>fotballstyret</p>
.5	<p><u>Arbeid med organisasjonsendring / ny styrestruktur</u></p> <p>Styret i fotballgruppa arbeider med ny organisasjonsplan / ny styrestruktur for fotballgruppa. Grovskissa tilseier eit mindre styre der kasserar inngår, og ulike underutval med ansvarsområde t.d. Lerum cup ; Øystese cup; Hospitering/spelarutvikling; Kafédrift; Materialforvaltning; Baneutval.</p> <p>Det vil vere naturleg at hovudstyret i ØIL deltek i dette arbeidet med ein eller kanskje to representantar. Det kan dessutan vere lurt å trekkje inn andre personar med organisasjonserfaring.</p>	info	fotballstyret

.6	<u>Valnemda i fotballgruppa</u> Valnemda i fotballgruppa må utover hausten jobbe med å få på plass kandidatar til nytt fotballstyre i samsvar med framtidig organisasjonsendring / styrestruktur.		Vidar Østerbø Rune Vik Hilde Børven
4.3	Friidrett/trimgruppa		
4.4	HC-gruppa		
4.5	Symjegruppa		
4.6	Hoppgruppa		
4.7	Orientering		
4.8	Økonomi		
4.9	Eventuelt Tidlegare styresaker frå 2012 under oppfølging 2.9. <u>Rydding i og sanning av ØIL-historikk/arkivmateriale</u> Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret. Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale.		styret

Rune Vik/ skrivar